

Kulturdepartementets
nynorskpris for
journalistar 2014



«Stas å få ein
pris for godt språk,
frå øvste hald»

Prisvinnar i 2006 **Linda Eide**, NRK

«Prisen gav meg
språkleg sjølvtilitt»

Prisvinnar i 2009 **Ronny Brede Aase**, NRK P3

«Å bli heidra for språket,
var stort og viktig for meg
som journalist»

Prisvinnar i 2008 **Odd Reidar Solem**, TV 2

Kven får

Kulturdepartementets nynorskpris for journalistar i år?

1. april er fristen for å kome med framlegg til prisvinnar. Framlegga må ha ei skriftleg grunngeving og helst døme på kva kandidaten er god for.

Føremålet med Kulturdepartementets nynorskpris for journalistar er å fremje bruk av nynorsk i media, og årleg ære ein dyktig journalist som er eit føredøme for andre. Prisen går til ein journalist som har utmerka seg i bruk av levande og god nynorsk i media, og som gjennom arbeidet sitt har gjeve nynorsken innpass på nye område.

Prisen er på 50.000 kroner og eit norsk kunstverk. Ein eigen jury peikar ut vinnaren og prisen vert delt ut under Dei nynorske festspela i Ørsta 27. juni.

Du finn meir om Kulturdepartementets nynorskpris for journalistar på nettsida www.nynorskmediesenter.no. Har du spørsmål kan du sende dei til nynorskmediesenter@nrk.no eller ringe 970 55 201.

Merk framlegga «Nynorskprisen 2014», og send dei til:

nynorskmediesenter@nrk.no eller **NRK Nynorsk mediesenter, boks 100, 6801 Førde.**



KULTURDEPARTEMENTET